



DET KONGELEGE  
KOMMUNAL- OG DISTRIKTSDEPARTEMENT

Statsråden

Stortingets kontroll- og konstitusjonskomite  
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref

Dato

23/665-8

21. mars 2023

## Svar på brev frå Stortingets kontroll- og konstitusjonskomité med oppfølgingsspørsmål om leiarlønssystemet

Eg viser til brev frå Stortingets kontroll- og konstitusjonskomité (ved Lubna Bobby Jaffery) med oppfølgingsspørsmål om leiarlønssystemet, datert 14. mars 2023.

Nedanfor følgjer svar på komitéens spørsmål:

1. Var lønnsøkningen i den aktuelle saken avklart med Kommunal- og moderniseringsdepartementet, i tråd med retningslinjene for statens lederlønssystem?

### Svar:

Denne saka blei behandla under førre regjering. Eg er ikkje kjend med eventuelle prosessar som vart gjennomført under tidlegare regjeringar.

Slik eg har forstått det, mellom anna gjennom retningslinjene: «*Regjeringens forhold til Stortinget*» frå Statsministarens kontor, kan eg ikkje få innsyn i sakar, notat eller liknande frå tidlegare regjeringar. Eventuelle interne kontaktar, dokumenter eller liknande frå førre regjering, tilhøyrer førre regjering.

Når det kjem til lønstak, vil eg vise til mitt svarbrev datert 6. februar der eg bekreftar at vi har eit lønstak på 2 millionar kroner.

Det finnast ingen unntak som gjev høve til å overgå lønstaket på 2 millionar kroner. Retningslinjene komitéen viser til, opnar for å gje unntak for å gå ut over dei føringane Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) fastset for lønsauken for kvart enkelt år, ikkje

lønstaket. Kvar vår sender KDD eit brev til dei andre departementa med føringar for årets lønsvekst for tilsette på leiarløssystemet. I fjor var føringane at departementa måtte sørge for at auken i gjennomsnittleg løn på leiarløssystemet i løpet av 2022, ikkje i nokon av departementsområda, skulle overstige den ramma som vart avtalt i frontfaget for 2022.

Med helsing



Sigbjørn Gjelsvik